

Reguleringsplan for veg og parkering på Grautlethaugen Plan ID 152

Føresegner

I medhald av plan- og bygningslova av 14. juni 1985, nr. 77 med revisjonar, §§ 22-26, er det utarbeidd reguleringsplan for veg og parkering Grautlethaugen, Vinje kommune, Telemark. Reguleringsplanen byggjer på føringar som er nedlagde i kommunedelplan for Rukkemo/Torvetjønn, godkjend 27. september 2001.

Reguleringsføresegnene gjeld for området synt med plangrense på plankartet «Veg og parkering Grautlethaugen», Plan ID 152, Vinje kommune, Målestokk 1:1000, datert 29. september 2008. Innafor reguleringsgrensa skal areala nyttast som vist på planen. Vedteken plan er bindande for arealbruk, frådeling og byggje - og anleggsverksemd innan planområdet.

1.1 Offentlege trafikkområde

1.1.1 Annan veggrunn

Ingen føresegner

1.2 Spesialområde

1.2.1 Privat veg (SpVP1)

- a) Framføring av vegen skal gjerast så skånsamt som råd. Jordskjeringar og fyllingar skal dekkast til med jord, og elles gjevast ei tiltalande utforming. Dersom det ikkje er høve til å byggje vegen ved hjelp av fyllingar/jordskjeringar innanfor føremålet skal ein nytte murar. Desse kan byggast opp til 1,2 m høge og skal utførast i naturstein.
- b) Det er høve til å etablere underjordiske kommunaltekniske anlegg, straum- og kommunikasjonskablar i vegtraséen.
- c) Det er høve til å etablere parkeringsplassar innanfor streksymbolet "regulert parkeringsfelt".

1.2.2 Privat veg (SpVP2)

Ingen føresegner

1.2.3 Friluftsområde på land (SpFri)

Ingen føresegner

1.2.4 Kommunaltekniske anlegg (SpKt)

Ingen føresegner

1.2.5 Frisiktsone ved veg

- a) Terrengtet i frisiktsone skal ikkje vere høgare enn tilstøytande køyrebane, og sikthindrande vegetasjon eller gjenstandar høgare enn 0,5 m er ikkje tillete i frisiktsone.
- b) Parkering innanfor frisiktsona er ikkje tillete.

1.2.6 Bevaringsområde for kulturminne (kolgrop)

- a) Det er ikkje høve føreteke tiltak innanfor området, som øydelegg eller er til skade for eksisterande kolgrop eller miljøet den ligg i.

Vinje den 29. september 2008



For Plankontoret Hallvard Homme AS
Alexander Stettin

Revisjon A, 31. mars 2009

Revisjon B, 28. april 2009 (berre plankart)

Revisjon C, 10. juni 2009

Revisjon D, 12. juni 2009

Varsel om oppstart av planarbeid:	<u>24.06.2008</u>
1. handsaming i det faste utvalet for plansaker:	<u>12.11.2008</u>
2. handsaming i det faste utvalet for plansaker:	<u>13.05.2009</u>
Eigengodkjent i kommunestyret den:	<u>11.06.2009</u>